



**POLITIET**

**Vest politidistrikt**

# **Omtale av resultat 2023**

# Innhold

<b>1. Innleiing .....</b>	<b>3</b>
<b>2. Overordna situasjonsskildring .....</b>	<b>4</b>
<b>3. Kriminalitetsutviklinga .....</b>	<b>6</b>
3.1. Økonomisk kriminalitet.....	6
3.2. Vinningskriminalitet .....	6
3.3. Valdskriminalitet.....	6
3.4. Seksuallovvbrot .....	8
3.5. Narkotikakriminalitet.....	8
3.6. Ungdomskriminalitet .....	9
3.7. Miljøkriminalitet.....	9
<b>4. Politiet si straffesakshandsaming .....</b>	<b>10</b>
4.1. Talet på påtaleavgjorde .....	10
4.2. Oppklaringsprosent.....	10
4.3. Sakshandsamingstid .....	10
4.4. Restansar .....	10
<b>5. Operativ innsats .....</b>	<b>11</b>
5.1. Responstid.....	11
5.2. Aksesstid .....	11
5.3. Operasjonssentralen/Lokal redningssentral (LRS) .....	11
5.4. Væpna oppdrag .....	11
5.5. Redningsoppdrag .....	11
5.6. Politibåten .....	12
5.7. Psykiatrioppdrag .....	12
<b>6. Forvalting .....</b>	<b>13</b>
6.1. Pass og førarkort .....	13
6.2. Utlendingsforvalting .....	13
<b>7. Sivil rettspleie .....</b>	<b>14</b>
<b>8. Trafikk .....</b>	<b>15</b>
<b>9. Politiets nettpatrulje Vest.....</b>	<b>16</b>

# **1. Innleiing**

Rapporten presenterer resultata for Vest politidistrikt i 2023. Første del av rapporten gir ei oversikt over hovudfunn i meldt kriminalitet, ein såkalla overordna situasjonsskildring (kapittel 2). Her vil vi trekke fram dei mest sentrale trendane i tala frå 2023. Andre del av rapporten gir ei meir detaljert oversikt over tal og utvikling innan meldt kriminalitet, straffesakshandsaminga, operativ innsats, samt forvaltning, sivil rettspleie og trafikk (kapittel 3-8). I andre del av rapporten finn ein difor alle detaljane kring det som vert omtalt i kapittel 2. Ved spørsmål knytt til dei einskilde tala kan definerte kontaktpersonar for kvart enkelt tema kontaktast.


Talmaterialet på kriminalitetsutviklinga og straffesakshandsaminga er basert på politiet sitt straffesakssystem STRASAK. Statistikken må reknast som ein intern driftsstatistikk for politiet og bør ikkje lesast som den offisielle kriminalstatistikken, som blir gitt ut av Statistisk sentralbyrå (SSB). Rapporten presenterer den kjende kriminaliteten, det vil seie den kriminaliteten som blir meld til politiet.

Bergen, 26. januar 2024

Avsnitt for strategisk etterretning  
Seksjon for etterretning  
FEE, Vest politidistrikt

## 2. Overordna situasjonsskildring

I 2023 har det vore ein auke i melde lovbroten samanlikna med 2022. I 2023 blei det meldt<sup>1</sup> 29723 lovbroten, ein auke på 6,6 % samanlikna med 2022. I "Pandemi-åra" 2020 og 2021 var det ein tydeleg nedgang i melde lovbroten samanlikna med åra før. Etter kvart har samfunnet gått tilbake til normalsituasjon, noko som også har påverka talet på melde lovbroten. Talet er aukande, men er ennå ikke på nivå med 2019.



**Figur 1: Utviklinga for melde lovbro 2019 - 2023**

Kjelde: JUS066

Det er ein auke i talet på saker innan dei fleste kriminalitetstypene samanlikna med 2022. Unntaka er saker som gjeld **narkotika, seksuallovbrot, miljø og undersøkingssakar**.

**Vinningslovbrot** utgjer den største delen av den melde kriminaliteten i politidistriktet. Utviklinga påverkar difor totaltala i relativt stor grad. Det vart i 2023 meldt 10445 vinningssaker mot 8701 saker i 2022, ein auke på 20 prosent. Tala for vinningslovbrot har vore unormalt låge i 2020-2022. Pandemien har mellom anna ført til at folk har vore meir heime og dermed i større grad har kunne passe på hus, heim og sine verdiar. Gjenopninga av samfunnet med auka mobilitet i samfunnet generelt og over landegrensene kan vere ei forklaring på aukande tal igjen.

Talet på saker som gjeld **økonomisk kriminalitet** har fortsett å auke frå 2022 til 2023. Auken er på 5 prosent. Det er talet på saker som gjeld **bedrageri**<sup>2</sup> som har medverka til den auken. Det har vore ein kraftig auke i **bedrageri** frå 2020 – 2023. Auken er på heile 54 prosent. Mange saker gjeld bedrageri ved kjøp/sal via internett. Ifølgje politiet sine innbyggjarundersøkingar dei siste åra, er digital kriminalitet det nordmenn er mest uroa for å bli utsett for. Vi reknar med at mange saker ikkje blir meldt til politiet og vi viser derfor til gode råd både til dei som har vore utsett for svindel og kva du må gjere for å sikre deg mot dette på <https://www.politi.no/rad/id-tyveri-og-svindel/>

<sup>1</sup> Saker meldt til politiet eller som politiet har oppretta sjølve

<sup>2</sup> Gjeld også forsøk på bedrageri

Samanlikna med 2022 er det i 2023 meldt 19,6 prosent færre saker som gjeld **seksuallovvbrot**. Det er meldt mykje færre saker som gjeld **seksuallovvbrot mot barn**. I 2023 ble det meldt 219 saker mot 329 i 2022. Talet på melde **valdtekter** der vaksne er fornærma visar også ein nedgang samanlikna med 2022. I 2023 vart det registrert 166 valdtektsaker<sup>3</sup> mot 201 i 2022.

Talet på melde **valdssaker** har hatt ein auke i 2023 samanlikna med 2020-2022, men er enno ikkje heilt på nivå med 2019. Vi ser ein auke i talet på saker som gjeld **vald, truslar, forulemping og hindring av off. tenestemenn**. I 2023 vart det meldt 436 saker mot 362 saker i 2022. Det har vore ein liten auke i meldte **kroppskrenkingar**. I 2022 vart det meldt 1141 slike saker mot 1109 i 2022. Gjenopninga av samfunnet etter pandemien med eit meir ope uteliv kan ha ei medverkande årsak. Mange av desse lovbrota skjer i samband med at folk ferdast på byen, ofte med høg promille.

Talet på meldte saker som gjeld **vald i nære relasjonar** har sidan 2019 hatt ein nedgang. I 2023 har det vore ein liten auke samanlikna med 2022, men ein er framleis ikkje på same nivå som i 2019. I 2019 blei det meldt 284 saker, i 2022 225 saker, medan det i 2023 vart registrert 243 saker.

Det vart registrert eit **drap** og sju **forsøk på drap** i 2023. I 2022 var tala tre drap og fire forsøk på drap.

Vest politidistrikt har dei siste åra meldt om ein betydeleg auke i oppdrag knytt til **psykisk sjuke personar**. Talet på denne type oppdrag har no stabilisert seg på om lag 4000 kvart år. Oppdraga er ofte i samband med bistand til helsevesenet, men også der politiet må gripe inn overfor psykisk sjuke personar som har ein utagerande og valdeleg framferd i det offentlege rom. Fleire av personane er gjengangarar og kjend for grov valdskriminalitet. Ved starten av femårsperioden som er omhandla i denne rapporten (2019) vart det i politiet sine operative system registrert 2797 oppdrag knytt til psykiatri i Vest politidistrikt. Talet for 2023 var 4007.

I perioden 2019 – 2023 har det vore ein betydeleg nedgang i talet på **narkotikovbrot**. I 2023 vart det registrert 1535 saker mot 1547 saker i 2022. I 2023 vart det registrert 41 prosent færre saker enn i 2019. Talet på denne typen saker er i stor grad knytt til politiet sin prioritering innanfor dette kriminalitetsområdet.

**Ungdomskriminaliteten**, det vil seie kriminalitet der mistenkte er under 18 år, auka med 40 prosent i 2023. Det tilsvara om lag 500 saker. Samanlikna med åra før var det særleg gjerningspersonar mellom 13 og 15 år som utøvde meir kriminalitet i 2023.

Nesten halvparten av veksten i saksmengd skuldast fleire butikktjuveri. Talet butikktjuveri med ung mistenkt har ikkje vore høgare på minst ti år. Det same gjeld for ran, truslar, kroppskrenkelsar og skadeverk. Det var også ein viss auke innan trafikksaker, medan saksmengda innan seksualovbrot tilsvara nivået i 2022.

Sterkast nedgang i saksmengd var det i narkotikasaker. Som nemnd over er det naturleg å sjå den endringa i samanheng med endringa av politiet sin praksis for dette kriminalitetsområdet.

---

<sup>3</sup> Gjeld også forsøk på valdtektsaker

### **3. Kriminalitetsutviklinga**

#### **3.1. Økonomisk kriminalitet**

Kriminalitetstype	2019	2020	2021	2022	2023
Økonomi	2376	1926	1904	2575	2703

**Tabell 1: Tal på melde økonomilovbrot 2019-2023**

Kjelde: JUS066

	2019	2020	2021	2022	2023
Bedrageri	1876	1520	1556	2250	2343

**Tabell 2: Tal på melde bedrageri 2019-2023**

Kjelde: PAL for STRASAK, regdato, gj.distr.

#### **3.2. Vinningskriminalitet**

Kriminalitetstype	2019	2020	2021	2022	2023
Vinning	9800	7811	7302	8701	10445

**Tabell 3: Tal på melde vinningslovbrot 2019-2023**

Kjelde: JUS066

#### **3.3. Valdskriminalitet**

Kriminalitetstype	2019	2020	2021	2022	2023
Vald	3104	2655	2614	2781	2988

**Tabell 4: Tal på melde valdslovbrot 2019-2023**

Kjelde: JUS066

#### **Liv, lekam og helse**

	2019	2020	2021	2022	2023
Kroppskrenking	1251	1036	1024	1109	1141
Kroppsskade	213	193	128	175	161

**Tabell 5: Tal på melde kroppskrenkingar og kroppsskader 2019-2023**

Kjelde: PAL for STRASAK, regdato, gj.distr.

## Lovbrot mot personleg fridom

	2019	2020	2021	2022	2023
Truslar	599	533	532	564	663
Grove truslar	105	115	115	110	38

**Tabell 6: Tal på melde truslar og grove truslar 2019-2023**  
Kjelde: PAL for STRASAK, regdato, gj.distr.

	2019	2020	2021	2022	2023
Menneskehandel, prostitusjon	1	2	6	1	1
Menneskehandel, tvangsarbeid	2	1	0	1	1

**Tabell 7: Tal på melde menneskehandsaker 2019-2023**  
Kjelde: PAL for STRASAK, regdato, gj.distr.

## Lovbrot utført mot offentleg myndigkeit<sup>4</sup>

	2019	2020	2021	2022	2023
Vald, truslar, forulemping og hindring av off. tenestemenn	526	422	435	362	436

**Tabell 8: Tal på melde saker truslar, forulemping, hindring og vald mot off. tenesteperson-politi og anna tenesteperson 2019-2023**  
Kjelde: PAL for STRASAK, regdato, gj.distr.

## Vald i nære relasjoner

	2019	2020	2021	2022	2023
Vald i nære relasjoner	284	285	225	225	243

**Tabell 9: Tal på melde saker mishandling i nære relasjoner 2019-2023**  
Kjelde: PAL for STRASAK, regdato, gj.distr.

## Drap

	2019	2020	2021	2022	2023
1757 Drap	7	5	4	3	1
1758 Drap, forsøk	2	4	2	4	7

**Tabell 10: Tal på melde saker drap og forsøk på drap 2019-2023**  
Kjelde: PAL for STRASAK, regdato, gj.distr.

<sup>4</sup> På grunn av ein funksjonalitetsfeil i politiet sine straffesakssystem i perioden 1. juli 2020 til 7. desember 2021 er talgrunnlaget for vald og truslar mot offentleg tenesteperson hefta med feilkodingar, som gjer at tal for vald mot politi ikkje kan bli gitt ut isolert. Feilen vart retta opp i desember 2021. Statistikk over meldte saker etter strl. § 155 som inkluderer perioden 2020-2021 må derfor presenterast samla, det vil seie utan spesifiserte fordelingar på vald/truslar mot politi/anna offentleg tenesteperson.

## Hatkriminalitet<sup>5</sup>

	2019	2020	2021	2022	2023
Hatkriminalitet	78	65	55	60	63

Tabell 11: Tal på melde saker, hatkriminalitet 2019-2023

Kjelde: PAL for STRASAK, regdato, gj.distr.

## 3.4. Seksuallovbrot

Kriminalitetstype	2019	2020	2021	2022	2023
Sedløyse	748	745	937	920	740

Tabell 12: Tal på melde seksuallovbrot 2019-2023

Kjelde: JUS066

### Valdtekst

	2019	2020	2021	2022	2023
Valdtekst <sup>6</sup>	152	174	199	201	166

Tabell 13: Tal på melde valdtektsaker 2019-2023

Kjelde: PAL for STRASAK, regdato, gj.distr.

### Seksuelle overgrep mot barn

	2019	2020	2021	2022	2023
Seksuelle overgrep mot barn	274	288	365	329	219

Tabell 14: Tal på saker som gjeld seksuelle overgrep mot barn 2019-2023

Kjelde: PAL for STRASAK, regdato, gj.distr

## 3.5. Narkotikakriminalitet

Kriminalitetstype	2019	2020	2021	2022	2023
Narkotika	2 583	2 381	1 748	1 547	1 535

Tabell 15: Tal på melde narkotikalovbrot 2019-2023

Kjelde: JUS066

<sup>5</sup> Hatkriminalitet er straffbare handlingar motivert av hat eller negative haldningars retta mot ein person eller ei gruppe på grunn av etnisitet, religion, livssyn, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk eller nedsette funksjonsevner.

<sup>6</sup> Gjeld også forsøk

### **3.6. Ungdomskriminalitet**

<b>Kriminalitetstype</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>
Anna	156	163	141	176	208
Narkotika	128	128	76	66	62
Seksuallovvbrot	118	83	114	92	93
Skadeverk	93	77	80	70	98
Trafikk	159	189	184	179	215
Vinning	313	277	320	395	664
Vald	186	170	210	197	303
Økonomi	47	24	17	24	29
Totalsum	1200	1111	1142	1199	1672

**Tabell 16: Tal på melde saker der person under 18 år er mistenkt, siktet eller domfelt. 2019-2023**

Kjelde: PAL for STRASAK, regdato, gj.distr.

### **3.7. Miljøkriminalitet**

<b>Kriminalitetstype</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>
Miljø	273	370	398	444	309

**Tabell 17: Tal på melde miljølovvbrot 2019-2023**

Kjelde: JUS066

## 4. Politiet si straffesakshandsaming

### 4.1. Talet på påtaleavgjorde

	2019	2020	2021	2022	2023
Påtaleavgjorde lovbroter	30880	28399	25953	27062	30622
Av desse oppklara saker	13997	13229	11674	10766	11865

Tabell 18: Påtaleavgjorde lovbroter 2019-2023

Kjelde: JUS316

### 4.2. Oppklaringsprosent

Oppklaringsprosenten viser forhaldet mellom talet på saker som er avgjorde med ein kode som tel som oppklara, og summen av oppklara og ikkje-oppklara saker. Tida for påtaleavgjerdene blir lagd til grunn når ein skal berekne oppklaringsprosenten i STRASAK.

	2019	2020	2021	2022	2023
Lovbrot totalt	50,7	51,9	50,7	46,1	45,3

Tabell 19: Oppklaringsprosent, lovbroter 2019-2023

Kjelde: JUS316

### 4.3. Sakshandsamingstid

Sakshandsamingstida til politiet blir rekna frå melding blir registrert i STRASAK, til det ligg føre ei påtaleavgjerd. I det følgjande beskriv vi sakshandsamingstida på oppklara lovbroter, det vil seie saker som har fått ei positiv påtaleavgjerd eller er lagde bort med ein kode som tel som oppklara. Tala viser gjennomsnittleg sakshandsamingstid i dagar.

	2019	2020	2021	2022	2023
Sakshandsamingstid, oppklara lovbroter	102	111	103	96	87

Tabell 20: Sakshandsamingstid, oppklara lovbroter 2019-2023

Kjelde: JUS316

### 4.4. Restansar

Saker som er eldre enn tre månader omtalast som restansar. For politiet er det viktig at det er ein balanse mellom innkomne (registrerte) og utgåande (ferdig handsama) saker. Om det kjem inn fleire saker enn det som blir gjort ferdig, blir det ei oppsamling av saker hos dei ulike sakshandsamarane. Det fører til at framdrifta i kvar enkelt sak blir meir oppstykka, granskingsa og påtalehandsaminga blir mindre effektiv, og det totale straffesaksproduktet får dårlegare kvalitet.

	2019	2020	2021	2022	2023
Ikkje påtaleavgjorde saker eldre enn 3 mnd	3804	2706	2348	2725	2136

Tabell 21: Tal på restansar (saker eldre enn 3 månader), 2019-2023

Kjelde: JUS087abcd/JUS083abc

## **5. Operativ innsats**

### **5.1. Responstid**

Rask respons kan berge liv, redusere skadeomfang eller bidra til oppklaring av kriminalitet. Det er stilt sentrale krav til responstid for ekstraordinære hendingar, hendingar der liv er direkte truga og/eller der det er behov for rask innsats frå politiet. Responstida blir målt frå når det begynner å ringe ved operasjonssentralen hos politiet til første politieining er på staden.

	<b>Sentralt krav</b>	<b>Resultat</b>
Responstid 80% (>20 000 innbyggjarar)	12	11,6
Responstid 80% (2 000 – 19 999 innbyggjarar)	17	17,7
Responstid 80% (<2 000 innbyggjarar)	30	31,3

**Tabell 22: Responstid, sentrale krav og resultat i minutt, 2023.**

### **5.2. Aksesstid**

Aksesstida måler kor mange samtalar på 112 som er svart på innanfor fristen (20 sekund). Kravet til aksesstid er at ein skal svara minst 95 % av alle 112-samtalar innan fristen på 20 sekund. Operasjonssentralen har svart på 98,7 % av alle naudsamtalane innan tidskravet som Politidirektoratet har satt.

### **5.3. Operasjonssentralen/Lokal redningssentral (LRS)**

Operasjonssentralen har hatt ein auke i talet på anrop på 112. I 2023 var det 93880 anrop på 112, medan det i 2022 var 83374. Ikkje alle anrop viser seg å vera reelle naudsamtalar, og blir avslutta etter kort tid.

Det er også registrert ein auke i talet på anrop til 02800. I 2023 var det 131996 anrop mot 126976 i 2022.

### **5.4. Væpna oppdrag**

I Vest politidistrikt sin vaktjournal vart det registrert 948 væpna oppdrag i 2023 mot 848 i 2022. Dette inneber ikkje at alle var oppdrag der politiet rykte ut til skarpe situasjonar. Tala inkluderer òg oppdrag der politiet etter ei vurdering vel å væpna seg for eigen eller andre sin sikkerheit i samband med planlagde pågripingar, ransakingar og liknande.

### **5.5. Redningsoppdrag**

Politiet sin innsats i redningsoppdrag opptek mykje ressursar. Statistikken for Vest politidistrikt er ganske stabil samanlikna med fjarøret. Hovudredningssentralen har registrert 461 redningsoppdrag i Vest politidistrikt i 2023, 13 færre enn i 2022. Det er i

det geografiske området til Bergen, Askøy og Øygarden det relativt sett skjer flest hendingar.

Ikkje alle redningsoppdrag krev like mykje politiressursar. Ein del blir løyst på operasjonsentralen (LRS), anten ved å gje råd til meldar eller ved å vidareformidle meldingar til andre naudetatar eller frivillige organisasjonar. Nokre oppdrag blir løyst av den/dei første politipatruljen som kjem til staden, medan andre krev større innsats.


## 5.6. Politibåten

Politidistriktet har lang kystlinje, høg aktivitet på sjøen og utfordrande infrastruktur på land. Politidistriktet fekk ny patruljebåt i februar 2023. Til tross for ein del tekniske utfordringar knytt til det nye fartøyet som har resultert i driftsstans, har politibåten også i 2023 vore brukt til å flytte kritiske ressursar og innsatspersonell til ulike stader i politidistriktet, i tillegg til samkontrollar med andre etatar/myndigheiter til dømes innan fiskeri- og miljøkriminalitet.

755 båtar vart kontrollert i løpet av året (845 i 2022). Det vart oppretta 13 meldingar for køyring i ruspåverka tilstand (14 i 2022). Det vart skrive 24 forenkle førelegg mot 25 i 2022.

Det har dei siste åra vore ein nedgang i talet på forenkle førelegg som er utskrivne på sjøen. Dette heng mellom anna sammen med eit mindre tal på driftstimar på sjøen grunna driftsstans på politibåten, etablering av nye lokale fartssone (ny forskrift), kor ein har vore restriktiv med å skriva forenkle førelegg inntil ny skilting er etablert og praksis innarbeida. Den sikkerheitspolitiske situasjonen i Europa og politidistriktet sitt oppdrag, har også påverka prioriteringa og bruken av politibåten.

## 5.7. Psykiatrioppdrag



**Figur 2: Utviklinga for psykiatri-oppdrag 2019-2023**  
Kjelde: PAL for PO, Forholdets Art=Psykiatri

## 6. Forvalting

### 6.1. Pass og førarkort

Utskrivne pass og ID-kort	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Vest politidistrikt	78487	81522	30594	46827	151251	112382

**Tabell 23: Tal på utskrivne pass og ID-kort, 2018-2023**

Kjelde: Felles eining for utlending og forvalting

Vegtrafikklova § 34 gjev politiet rett til å tilbakekalla førarkort dersom det er rimeleg grunn til å tru at innehavar av førarkortet ikkje lenger fyll vilkåra for å ha førarkort. Årsaka til at ein ikkje lenger fyll vilkåra kan vere relatert til helse, misbruk av alkohol eller andre rusande eller bedøvande middel, eller at personen ikkje lenger har dei nødvendige kunnskapar eller køyreferdigheiter som ein krev for å ferdast trygt i trafikken.

Gjennom heile året mottek avdelinga for forvalting bekymringsmeldingar, der det meldast frå om personar som ein meiner ikkje lenger oppfyll vilkåra for å ha førarkort.

Bekymringsmeldingar førarkort	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Vest politidistrikt	460	360	487	390	611	320

**Tabell 24: Tal på bekymringsmeldingar førarkort, 2018-2023**

Kjelde: Felles eining for utlending og forvalting

### 6.2. Utlendingsforvalting

Uttransport av personar utan lovleg opphold	2019	2020	2021	2022	2023
Vest politidistrikt	224	243	553	81	105

**Tabell 25: Tal på uttransportar, 2019-2023**

Kjelde: Felles eining for utlending og forvalting

I den operative delen av utlendingsforvaltinga har Vest politidistrikt i 2023 stått for 105 uttransportar av personar utan lovleg opphold, fordelt på 40 ulike nasjonalitetar. 40 % av desse er straffedømde.

I 2023 har Vest politidistrikt asylregisteret **5418** personar som har søkt om kollektiv beskyttelse som følge av krigen mellom Russland og Ukraina.

## **7. Sivil rettspleie**

I 2023 fekk vi totalt inn 58306 saker til behandling hos sivil rettspleie. Dette er ein auke på 3577 saker frå 2022 då vi fekk inn 54729 saker, tilsvarande 6%.

Krav om utlegg er størst i volum. I alt kom det inn 47061 saker i 2023. Volumet på denne kategorien saker er høgare enn før pandemien, likevel ikkje så høgt som vi frykta i starten på 2023. Frå august 2023 flata tala på utlegg ut. Distriktet gjekk for ein auke på 25% i 3. kvartal til 8% totalt i 2023. Utviklinga for 2024 er vanskeleg og seie noko sikkert om, men vi antek at vi vil få ein auke mellom 8-10%. Auka levekostnad, høg rente, høge straumprisar og noko aukande arbeidsledigkeit kan vere faktorar som spelar inn.

Vest politidistrikt ligg i 2023 om lag på same tal søknader om gjeldsordning som i 2022. I 2023 har distriktet jobba ned restansen på gjeldsordning og har redusert sakshandsamingstid for saker som omhandler gjeldsordning til kring 100 dagar. Årsak til reduksjon er auka kapasitet frå hausten 2022 med tilsetting av 11 midlertidige sakshandsamarar.

Når det gjeld sakshandsamingstid på forlik var den på 88 dagar i 2023. På dette området er vi under landsgjennomsnittet. Distriktet fekk inn 1641 færre forliksklager i 2023 enn i 2022.

## 8. Trafikk

I 2023 omkom 13 personar i trafikken i Vest politidistrikt. 9 menn og 4 kvinner omkom. Den yngste var 19 år medan den eldste var 80 år.

Tal på omkomne i trafikken	2019	2020	2021	2022	2023
Vest politidistrikt	10	7	8	10	13

**Tabell 26: Tal på omkomne i trafikken 2019-2023, Vest politidistrikt**  
**Kjelde: Strasak/Trafikk-koordinator i Hordaland og Sogn og Fjordane**

Det vart registrert 363 trafikkulykker med personskode i 2023. Dette er om lag det same som i 2022 då talet var 359.

Det har vore ein liten auke i talet på saker som gjeld køyring i påverka tilstand det siste året. I 2023 blei det registrert 959 saker, mot 921 i 2022.

## 9. Politiets nettpatrulje Vest

Politiets nettpatrulje Vest driftar kontoane til Vest politidistrikt på Facebook, Instagram og TikTok.

Aktivitet på sosiale media	Facebook			Instagram		
	2021	2022	2023	2021	2022	2023
Tal på følgjarar	20 675	25 437	29 109	12 966	15 382	18925
Tal på innlegg	103	96	116	105	101	121
Tal på rekkevidde*	5 505 788	5 562 882	3 896 556	1 512 646	1 076 671	1 579 788

Aktivitet på sosiale media	Tik Tok		
	2021	2022	2023
Tal på følgjarar	485 000	739 000	827 100
Tal på innlegg	86	89	102
Tal på rekkevidde*	33 513 000	42 532 168	19 617 072

**Tabell 27: Aktivitet på sosiale media 2021 og 2022**

**Kjelde:** Felles eining for førebygging, Nettpatruljen

\* Unike og organiske visningar

Tal på meldingar/samtalar på chat	2020	2021	2022	2023
Vest politidistrikt	3256	3932	3101	3118

**Tabell 28: Aktivitet på sosiale media 2020, 2021, 2022 og 2023**

**Kjelde:** Felles eining for førebygging, Nettpatruljen

Aldersfordeling på dei som tek direkte kontakt med Politiets nettpatrulje Vest på Messenger og Instagram chat.

<b>Alder på dei som sender melding på chat</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>
Ukjent alder	659	850
0-19 år	1094	1611
20-29 år	551	630
30-39 år	405	392
40-49 år	314	254
50-59 år	194	144
60-69 år	49	47
70-79 år	28	15
80-89 år	3	2
Total	3297	3945

**Tabell 29: Aktivitet på sosiale media 2020 og 2021**

Kjelde: Felles eining for førebygging, Nettpatruljen

I 2022 var det endring i rapportering på aldersgrupper. Tala etter 2022 står difor i eigen oversikt.

<b>Alder på dei som sender melding på chat</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>
Ukjent alder	718	783
Under 18 år	774	507
18-35 år	1052	1128
36-59 år	546	633
60 år og eldre	40	67
Totalt	3130	3118

**Tabell 30: Aktivitet på sosiale medium 2022,2023**

Kjelde: Felles eining for førebygging, Nettpatruljen

Tal på meldingar til Nettpatruljen er stabilt frå førre år. Chatten var stengd delar av oktober på grunn av kapasitet, noko som kan ha påverknad på totalsummen av meldingar. Vi ser ein klar nedgang i meldingar frå aldersgruppa under 18 år og ein auke i meldingar frå dei eldre aldersgruppene.

Meldingane inn omhandlar alle type tema og problemstillingar. Nettpatruljen har i 2023 nyttet ein del kapasitet på å handtere konfliktar blant barn og unge, i tillegg til tema som seksuell utpressing og svindel. På bakgrunn av det som har kome inn av meldingar har Nettpatruljen publisert førebyggjande innhald om dei aktuelle tema på Facebook, Instagram og TikTok.

Det har vore flest meldingar i kriminalitetstypane trafikk, vinning og sedløyse. I tillegg handlar ein del av meldingane om vald. Nettpatruljen har i 1457 av meldingane gitt råd/rekkeleiing til meldar og i 867 av meldingane har det kome inn tips til politiet.

#### **Omtale av resultat 2023**

Utgitt: Januar 2023

Utgiver: Vest politidistrikt